

# KYRKJEBLAD

B



FULLDISTRIBUSJON  
RETURADRESSE:  
Vullum Design as  
Pb. 122, 6659 Rindal



for  
INDRE NORDMØRE

Oktober 2009

«Han har frelst oss og kalla oss med eit heilagt kall -» 2. Tim 1,9

Nr. 5 - 69. årgang



Biskop Ingeborg Synnøve Midttømme



Sokneråda i prostiet samla til møte med biskopen og prosten

## Kyrkjeval

Ved haustens kyrkjeval vart det vald 8.287 medlemar til sokneråd og 77 medlemar til bispedømeråd og kyrkjemøte. I fire bispedøme var alle sju medlemar på direkteval. Dei sju andre bispedøma, mellom dei Møre bispedøme, har ein kombinasjon av direkteval og indirekte val. Det siste betyr at det er dei nye sokneråda som vel resten av medlemane til bispedømeråda.

I Møre bispedøme vart tre kandidatlar valde:

Modulf Aukan  
May Lisbeth Hovlid Aurdal  
Målfrid Synnøve Isene

Dei nye bispedømeråda trer i funksjon 1. januar 2010 og er valde for to år. Valdeltakinga for bispedømeråda var ikkje så høg som venta, knapt 10 % av dei 3,1 mill med kyrkjeleg røysterett. Av dei som har røysta, er mange røystesedlar forkasta på grunn av at dei er leverte utan rangering. Det var stor forvirring fordi dei to kyrkjevala hadde to ulike røystemåtar og soknerådslistene var prioriterte, medan kandidatane til bispedømeråda var sett opp alfabetisk. 42 % av røystene gjekk til dei sju første bokstavane i alfabetet. Det var også nytt med direkteval til bispedømeråda og alder for røysterett på 15 år. Soknerådsvala hadde ein del større oppslutnad enn bispedømerådsvala. Utsira sokn i Stavanger bispedøme toppa deltakarlista med 51,3 % av røysteføre kyrkjemed-

lemar. Vi er ikkje langt etter.

I Møre bispedøme var deltakarprosenten av dei som hadde røysterett for bispedømerådsvalet 12,1 % med 21.400 røyster. Dette er det nest høgste deltakarresultatet for bispedøma i heile landet!!! Møre bispedøme hadde 177.500 kyrkjemedlemar med røysterett. Deltakarprosent for prostia er ikkje registrert.

Resultata av soknerådsvala er presentert på side 4,8 og 10 i dette bladet.

Soknerådet har eit stort og viktig ansvarsområde, ansvar for at kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni blir innarbeidd og utvikla i soknet. Soknerådet skal ha si merksemd på alt som kan gjerast for å vekkja og næra kristeleg og åndeleg liv i soknet, serleg at Guds ord blir rikeleg forkynt, også for born og unge, at døypte gis dåpsopplæring, og at sjuke og døyande får Guds ord og at folk får hjelp i åndeleg naud. Det inneber også mange og store praktiske oppgåver.

## Mot kveld

*det lir mot kveld  
og hausten kviskrar  
i mitt hjarte  
i elvesusens moll  
kjem du meg nær*

*det tonar i naturens  
djupe tanke  
der skal eg vandre  
attmed deg som  
er meg nær*

*og grinda til det ukjende  
står opa  
der går vi inn og møter  
livet i ei anna verd*

Eldrid Lausund



Prost Gerd Anne Aarset



# ØRE

Øre - Gjemnes

Kyrjekontoret 71 29 39 00  
Telefaks 71 29 38 28  
E-post sokneprest: petter.dahle@gjemnes.kommune.no  
Biletet: Øre kyrkje

## Konfirmantjubilantar

På bildet ser vi konfirmantjubilantane. I Øre var det konfirmantane frå 1959 som var invitert, og på bildet ser vi dei som takka ja til invitasjonen. På Gjemnes var både 50 og 60-årskonfirmantane invitert. Begge stader var det samlingar etter gudstene-  
neste med middag, kaffi og kaker og mykje god prat.

PD



Framme frå venstre: Hervor Lindøy Braathen, Astrid Liv Harstad, Liv Halle Breivik, Ann Inger Sletnes Steen, Ellen Randi Bjerkeset Blakstad, 2.rekke: Harald Duås, Bertil Silset, Per Arnt Orset, Inger Marie Bakke Stakvik. 3.rekke: Jostein Gravem, Jarle Vågbø, Jens Astad, Reidar Aandal.  
Foto: PD



Namn på konf.jubilantar Gjemnes 2009:  
Fra venstre: Jan Torolf Strøm-Blakstad, Inger Olise Søvik, Astrid Skjærset Didriksen, Kristoffer Høgset, Margrethe Silset, Johan Egil Søvik, Harald Magne Rødahl, Ivar Halset.  
Foto: Kåre Jan Storvik

### Fakta om Den norske kyrkja

Dei fleste nordmenn tilhøyrer Den norske kyrkja, og mange uttrykker sitt religiøse liv gjennom kyrkjens ritual og høgtider. Kvart år blir det halde over 70.000 gudstenerer i 1600 kyrkjer i dei 1285 sokna, forutan ca 55.000 gravferder og vigslar. Over 3 % av folketallet går til gudsteneeste kvar veke.



Dei 4 4-åringane som fekk bok i Gjemnes kyrkje under hausttakkefesten. Foto PD

### ØRENYTT

**Hausttakkefest** har vi feira både i Øre og Gjemnes. Mykje av markens grøde vart bore fram i kyrkjene. I Øre var også viltslakteriet representert med produkt av det som blir hausta inn frå skog og fjellsider.

Samtidig med hausttakkefest var 4-åringane invitert til kyrkje for å få si kyrkjebok. Dei aller fleste møtte opp i kyrkja, og mange hadde med seg både foreldre, besteforeldre og familie elles. I Gjemnes kirke var også konfirmantane med på gudsteneeste og vart presentert for kyrkjelyden.

### Konfirmanthelg

Det er planlagt konfirmanthelg 23.-25.oktober. Vi reiser til Phillippshaugen i Øksendal saman med konfirmantane frå Tingvoll og ein flokk med dugande leiarar – fleire av dei frå Gjemnes.



# TINGVOLL

Tingvoll - Straumsnes

Menighetskontoret 71 53 03 03  
Telefaks 71 53 12 40  
E-post: post@kirken.tingvoll.no  
Biletet: Straumsnes kyrkje

## Mange nytilsette



Mange nytilsette ved Tingvoll kyrkjekontor. Staben feira med blautkake da dei kunne ynskja ny kyrkjeverje, ny kontorsekretær og ny kyrkjetenar velkomne i arbeidsfellesskapet 1. oktober.



Kontorsekretær Ann-Elise Brevig og kyrkjeverje Marit Linberg. Nyttilsett kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar i Tingvoll Kevin Gilbert var ikkje til stades.

## Sprinkelanlegg i Tingvoll kyrkje

Tingvoll kyrkje er stengt i 6 veker på grunn av omfattande installering av sprinkelanlegg mot brann og tilrettelegging for fjernvarme. Oljefyren blir kasta ut og nytt varmeanlegg skal tilknyttast varmesentralen på Tingvoll gard. Det skal også leggjast opp eit reserveanlegg i tillegg som skal fungera midlertidig til sentralanlegget kjem i orden.

Alt varmearbeid må gjerast ute og skrus sammen inne. Under arbeidet er kyrkja full av stillas, og kantor Tor ser bekymra ut over sin øvingsplass og lurer på kor det vart av notane.



avdødes navn, datoer/år og minnetekst, da synes jeg det blir direkte skjemmende, og man ærer ihvertfall ikke den avdøde. Det er etter min mening bedre å la gresset gro inntil gravminnet og la teksten fremkomme rent og tydelig.

*Arve Holmeide*

*Redaksjonen kjenner til at gravminnene er avfotografert også ved Hov og Ålvundeid kirker.*

## Gravminner

I løpet av sommeren har undertegnede gått over alle gravminner i Tingvoll, Hanem og Torjulvågen. Gravminnene er blitt fotografert og det som har stått skrevet på dem er notert opp. Dette har skjedd i regi av DIS Norge (Data i slektsforskning) som nå har lagt dette ut tilgjengelig på internett. De som ønsker å ta en kikk på sine avdøde slektingers gravminner på disse stedene kan gå inn på <http://disnorge.no> og derfra klikke seg inn på gravminner og videre velge fylke, kommune og gravlund. Det er kanskje ikke den beste erstatningen, men de som ikke har mulighet til fysisk å besøke gravstedet kan nå i det minste få et bilde å gå til på internett.

Det ble etterhvert temmelig mange bilder



og mye tekst å skrive ned. Derfor kan det også skje at noe blir feil; selv om det ble forsøkt å være så nitidig som mulig. Skulle noen oppdage feil ville en korrigering bli satt pris på. Den kan gjøres helt til høyre på gravminneoversikten eller du kan sende en mail til [holmeide@start.no](mailto:holmeide@start.no). Størst sjanse for feil er det naturligvis der hvor vær, vind og alder har slitt bort teksten og hvor en har vært nødt til å bruke forskjellige «teknikker» for å få frem tall og bokstaver.

Straumsnes er foreløpig ikke registrert fordi det der er noe uryddighet etter oppussing av kirkegården. Forhåpentligvis vil det bli gitt mulighet til å registrere og fotografere de som der nå er utilgjengelige – ihvertfall de gravminner som er tenkt slettet/destruert. Da vil i det minste disse bli tilgjengelige på internett selv om de er fjernet fra kirkegården.

La meg få legge til at etter sommerens registrering sitter jeg igjen med et inntrykk av hvordan gravminnene tas vare på. Det er svært mange fine blomster og beplantninger foran mange av gravminnene slik at det rett og slett er vakkert å se på. Men der er også de som burde revurdert sine plantevalg. Når planten vokser til og nærmest dekker den



# SUNNDAL

Hov - Romfo - Øksendal - Ålvundeid

Menighetskontoret 71 69 26 11  
 Telefaks 71 69 25 44  
 E-post: ekspedisjon@sunndal-  
 kirke.no  
 Bildet: Middelaldarkrusifiks,  
 Romfo kyrkje

## Menighetsutvikling i folkekyrkja

Sokneprest Bård Boye er i Øksendal sokn engasjert i eit kyrkjevekstprosjekt i samarbeid med soknepresten i Nesset, Bjørn Hovde, ei arbeidsgruppe og professor Harald Heggstad, førsteamanuensis Erling Birkedal og Turid Skorpe Landem frå Menighetsfakultetet.

Forskningsprosjektet går ut på å undersøka kvar vi står no og kvar vi går hen. Målet er å analysere teologiske og organisasjonsfaglege premisser for menighetsutvikling i Norge og utvikle eit verktøy for menighetsanalyse, og undersøka korleis ein slik analyse kan danna utgangspunkt for ein utviklingsprosess i ein menighet. Styringsgruppene skal samlast i Nesset sist

på november.


Det er sett opp eit års tid med studiar over kva folk tenkjer om kyrkja, deretter halvanna år på å stilla spørsmål om kor vi vil gå, kor vi skal hen.

Bård Boye seier at målet er at fleire skal leva med Gud og kvarandre slik Jesus har lært oss. Kyrkja er reidskapen og vi skal gjera arbeidet. Kanskje gå ut til folket når ikkje folket kjem til oss, invitera til nabo-samlingar etc.

Ein vil foreta intervju, dela ut spørjeskjema og bruka offentlege data.

Dette får vi nok høyra meir om etter kvart.

ERE



«Min oppfatning av tro er slik at jeg ikke bare kan skyve dette over på Gud. Mye av ansvaret er overlatt til oss mennesker. Troen og gudslivet må inspirere handlingene våre.» Utenriksminister Jonas Gahr Støre om konfrontasjon med ufattelig mye tragisk og ondt i verden.

«Gudstjenestens liturgi uttrykker kirkens bekjennelse, søndag etter søndag, og former menighetens tro. Da må formuleringene være bærekraftige og slitesterke, og de må formidle det sentrale i kristen tro.--- Flere av tekstene er skremmende svake og lar seg ikke redde ved en varsom bearbeidelse.» Biskop Halvor Nordhaug, Bjørgvin, om forslag til ny liturgi.

## Dei nye sokneråda

### Hov sokneråd

Medlemmer

1. Lone Eines
2. Oddleif Hermo
3. Kristin Andersson
4. Jan Bergsvein Nielsen
5. Trond Furu
6. Maj Helene Levik
7. Torill Rekkebo
8. Kolbjørn Aarstein

Varamedlemmer

1. Astrid Aalmo
2. Synnøve Tangen
3. Solveig Helene Vassli
4. Trond Magne Riise
5. Liv Ditlefsen

### Romfo sokneråd

Medlemmer:

1. Rolf Egil Røhjell
2. Liv Synnøve Nisja
3. Sissel Kårvand
4. Snorre Koht-Tøfte
5. Tove Romfo
6. Marit Hjellmo

Varamedlemmer:

1. Maria Ørsund
2. Roy Andersen
3. Edmund Kletthammer
4. Ingar Solberg
5. Anne Hagen

### Ålvundeid sokneråd

Medlemmer:

1. Asbjørn Innerdal
2. Anne Marie Hovde
3. Merethe Singsdal
4. Liv Margrete Drøpping
5. Nils Ulvund
6. Tom Bestvoll

Varamedlemmer:

1. Bergsvein Aasprang
2. Marit Lillebråten
3. Bjørn Helge Smiseth
4. Rigmor Skarseth
5. Kari Kristine Mulvik

### Øksendal sokneråd

Medlemmer:

1. Anette Kirstine Hafsås
2. Toril Lervik
3. Karin Vike
4. Tore Lien
5. Anders Sæther
6. Turid Stave

Varamedlemmer:

1. Mary Irene Eilertsen
2. Ole Anders Husby
3. Laila Storbukt
4. Tor Sæther
5. Trine Elin Kurseth

«Det er kirkens og de troendes oppgave å føre den kristne tradisjonen videre og bevare evangeliet som den bærende kraft i vår nasjon.» Kong Olav i boka «Lær oss å be! Bønnebok for Norge» som kom i 1989.

## Ny salmebok

Den norske kyrkje skal etter plana ha ferdig ei ny salmebok i to bind neste år. Eit utval har i tre og eit halvt år arbeidd med å gå gjennom dagens salmebøker og eit stort antal nye forslag, til saman over 5.000 salmetekster og melodiar. Den gamle salmeboka er berre 24 år og tillegget Salmer 97 er 12 år. Fleire av bispedømeråda og andre, m.a. preses biskop Olav Skjevesland, har i høyringsutkast teke til orde for å videreføra Norsk Salmebok av 1985 og heller supplera den med ei ny tilleggsbok i staden for Salmer 97. Norsk hymnologisk forening meiner Norsk Salmebok enno ikkje er skikkeleg innsunge og at det ikkje hastar med ei ny salmebok.

Kjelde: Vårt Land



## Kommentaren

## NY START

Kanskje ikke det vi forbinder med høsten, men menighetene er nå inne i en slik periode. Selv har jeg opplevd mange valg og dermed ny start i menighetssammenheng. Opplevelsen er like stor og forventningfull hver gang. Nye mennesker å jobbe på lag med. Noe blir som før, men mulighetene til forandring er der. Vi kan påvirke mye dersom vi vil.

Jeg ønsker at alle som er valgt inn i menighetsrådene, skal få oppleve større innsikt i arbeidet i menigheten. Glede og trygghet er også viktig for meg. Vår kirke er inne i en periode der mye nytt skal skapes, og dette får vi være med på. Spennende og

utfordrende! Vi er et mediesamfunn der det bugner over av tilbud og muligheter. Den direkte kontakt mennesker i mellom tror jeg fortsatt blir den viktigste - mest verdifulle. Vi trenger nærhet som gir trygghet.

Som styreleder i menighetsbladet, vet jeg at dette bladet er viktig for mange. Fin informasjon om det som skjer i nærmiljøet vårt. Her skal det også velges nye "koster" fra menighetene. Jeg tenker da på styremedlemmer. Et forholdsvis lite, men verdifullt verv. Lykke til alle sammen.

Nye rådsmedlemmer: Vær bevisst på hva dere vil! Tenk over hvordan dere sammen kan nå de mål dere setter for arbeidet. Hva

er viktig på vår plass? I gudstjenestene, dåpsopplæringa, musikkmiljøet og arbeidet blant de voksne. Dette ble vi utfordra på av biskopen. Vær bevisst på hvordan dere vil ha det der dere bor! Tror vi får noen spennende år.

Sammen med Jesus ER livet spennende. Den som tror det motsatte, kan stille livet til disposisjon for han, og jeg vet det ikke vil bli kjedelig. Han har sagt Han trenger alle.

Opgavene er så mange og forskjellige. Håper alle finner sin plass og at den kjennes god og trygg.

Elsa Jensvold

## Prostisamling i Surnadal

Tirsdag 29. september var alle kyrkjeleg tilsette og dei nye sokneråda i prostiet inviterte til eit første møte med biskop Ingeborg Midttømme og ein del av staben frå bispekontoret sammen med prost Gerd Anne Aarset. (foto på første side) Dei inviterte fekk orientering om arbeidet ut frå Rammeplan for Møre bispedømme 2009-2012 og bispedømmets visjon:

«Saman har vi fått eit oppdrag frå Jesus Kristus. Han sa: Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar, med di de døyper dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og lærer dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

Saman i gudsteneste, trusopplæring, misjon og diakoni ut frå Den norske kyrkjas visjonsdokument, 2009-13:

**I Kristus, nær livet – ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.**

– **Vedkjennande** ved at vi stadig vert fornya i trua på den treeinige Gud

– **Misjonerande** ved at vi lokalt og globalt vitnar om forsoninga i Kristus Jesus

– **Tenande** ved at vi viser omsorg for medmenneske og arbeider for fred, rettferd og vern om menneskeverdet og skaparverket

– **Open** ved at vi byggjer fellesskap med respekt for skilnader

Alle prestegjeld var representerte og fekk ei fin samling, tilsette og tillitsvalde kvar for seg og saman. Kyrkjekontoret i Surnadal var vertskap og serverte både middag og kveldsmat.

### Valdeltaking soknerådval

Halsa	16 %
Rindal	30 %
Mo	30 %
Øye	9 %
Åsskard	27 %
Stangvik	18 %
Todalen	45 %
Tingvoll	21 %
Straumsnes	% manglar
Øre	25 %
Gjemnes	42 %
Hov	13 %
Ålvundeid	21 %
Romfo	44 %
Øksendal	43 %



### Frivillig kontingent

Hjarteleg takk til deg som alt har betalt frivillig kontingent for 2009!

Vi vonar mange vil nytte giroen som er lagt ved bladet.

Kr. 150 kan vere eit passande beløp, men vi tek imot alle gaver, små og store!

Elsa Jensvold  
leier i styret for Kyrkjebladet

### Trusfridom

230 mill menneske blir forfylgde berre fordi dei er kristne. Kampen for trusfridom for undertrykte prega i liten del valkampen, også i kyrkjevalet. Berre ein prosent av kandidatane hadde denne saka som satsingsområde.

### Lotteri

Misjonsorganisasjonane baserer seg også på inntekter frå lotteri. Det er greitt med baserar og lotteri opp til ei inntekt på kr. 150.000. Men over det har Lotteritilsynet stoppa misjonsorganisasjonane sine lotteri med grunngjeving: «Misjonering er ikke å anse som humanitært arbeid.» Kanskje dei skulle ta seg ein tur på misjonsmarka---

### Bedehusdåp

Møre biskop Ingeborg Midttømme har tatt initiativ til å ordna opp i regelverket for dåp ved lekfolk i forsamlingar utanom kyrkja, noko som har vekt uro i misjonsorganisasjonane som delvis praktiserer dette. Også Bispemøtets preses, Olav Skjevesland, presiserer at det er behov for ein teologisk og kyrkjerettsleg avklaring. Bispemøtets preses og Kyrkjerådets direktør har hatt eit møte med leiarane for organisasjonane Normisjon og Misjonssambandet. Saka var også oppe på Bispemøtet.

Neste nummer kjem  
veke 50. Frist for  
innsending av stoff er 20. november.

## Gudstenester i Indre Nordmøre prosti



Høyr kor kyrkjeklokka lokkar med ein høg og heilag klang

**Bots- og bededag, 25. oktober**

Jes 59,1-4.8-9

Halsa prestegjeld	Ingen gudstjeneste.
Øvre Rindal kapell kl.11:00	Høymesse. Nattverd. Takkoffer til Norges samemisjon.
Hov kirke kl.11:00	Gudstjeneste. Boye. Nattverd.
Romfo kyrkje kl.11:00	Gudsteneste. Storset. Nattverd.
Jordalsgrend grendahus kl.20:00	Gudstjeneste. Boye.
Øye kyrkje kl.11:00	Gudsteneste. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Tingvoll	Ingen gudstjenester i prestegjeldet
Gjemnes kirke kl.11:00	Bededagsgudstjeneste. Dahle. Takkoffer til KRIK. Kirkekaffi.

**Onsdag 28. oktober**

Stangvik kyrkje kl. 19:30 Tonekveld m/lokale krefter

**Allehelgensdag, 1. november**

Matt 5,1-12

Halsa kirke kl.11:00	Minnegudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Halsa sanitetsforening. Kirkekaffe.
Valsøyfjord kirke kl.15:00	Minnegudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Valsøyfjord sanitetsforening. Kirkekaffe.
Rindal kirke kl.11:00	Allehelgensgudstjeneste. Takkoffer til Det Teologiske Menighetsfakultet
Øvre Rindal kapell kl.14:00	Allehelgensgudstjeneste. Takkoffer til Det Teologiske Menighetsfakultet
Ålvundeid kyrkje. kl.11:00	Gudsteneste. Laskerud. Nattverd
Hov kirke. kl.18:00	Storset. Sanggudstjeneste for små og store og "Kirkejam".
Stangvik kyrkje kl.11:00	Allehelgensgudsteneste. Venås.
Mo kyrkje kl.11:00	Allehelgensgudsteneste.
Ranes kyrkje kl.14:00	Allehelgensgudsteneste. Takkoffer til Kyrkjebladet
Todalen kyrkje kl.14:00	Allehelgensgudsteneste. Venås
Åsskard kyrkje kl.19:30	Allehelgensgudsteneste. Venås.
Tingvoll kyrkje kl.11:00	Prost Gerd Anne Aarset. Takkeoffer til Kyrkjelydsarbeid i Tingvoll Tingvoll kyrjekor deltar

Straumsnes kyrkje kl. 16:00	Prost Gerd Anne Aarset. Takkeoffer til De fire diakoniinstitusjoner Straumsnes songlag deltar. Kirkekaffe
Osmarka kapell kl.11:00	Høymesse. Nattverd. Karen Flatø og Dahle. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.

**Torsdag 5. november**

Øye kyrkje kl. 19:30 Songkveld

**23. s. e. pinse, 8. november**

Fil 1,6-11

Rindal kirke kl. 11:00	Høymesse. Nattverd. Takkoffer til Rindal Sanitetsforening
Gjøra kapell. kl. 11:00	Storset. Takkoffer.
Hov kirke. kl. 11:00	Laskerud. Nattverd
Øye kyrkje kl.11:00	Høymesse. Nattverd. L.E.Grutle. Takkoffer til Norsk Misjon i Øst
Stangvik kyrkje kl.19.30	Konsert m/Ola Bræin, munnspill og Tor Strand, orgel/piano.

Tingvoll kyrkje kl 11:00	Prost Gerd Anne Aarset. Takkeoffer til Tingvoll Microgospelkor. Microgospelkoret deltek.
Øre kyrkje kl.11:00	Høymesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Misjonsprosjektet

**24. s. e. pinse, 15. november**

1 Tim 2,1-6a

Valsøyfjord kirke kl. 11:00	Gudstjeneste med nattverd ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til menighetsarbeidet.
Rindal kirke kl. 11:00	Høymesse. Nattverd. Takkoffer til Menighetsarbeidet
Hov kirke. kl. 11:00	Laskerud. Takkoffer.
Ålvundeid kyrkje. kl. 11:00	Boye.
Kyrkjelydshuset Skei kl.11:00	Gudstenestleg møte. Normisjon
Åsskard kyrkje kl.11:00	Familiegudsteneste. Venås. Utdeling 4- og 6-årsbøker. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Straumsnes kyrkje kl 11:00	Prost Gerd Anne Aarset. Takkeoffer Kyrkjelydsarbeidet i Straumsnes
Gjemnes kirke kl.11:00	Høymesse. Nattverd. Takkoffer til Norsk Misjon i Øst. Kirkekaffi.

**Torsdag 19. november**

Øye kyrkje k.10:00 Morgonsong v/elevar 3. kl. Øye skule

**Siste søndag i kirkeåret (Domssøndag), 22. november**

Matt 25,31-46

Halsa kirke kl. 11:00	Gudstjeneste med nattverd ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Rådet for psykisk helse.
Øvre Rindal kapell kl. 11:00	Høymesse. Nattverd. Takkoffer til Sjømannskirken
Hov kirke kl. 11:00	Storset. Nattverd
Jordalsgrend grendahus kl. 20:00	Boye. "Grendakveld" (Sjå nærare kunngjering.)
Romfo kyrkje. kl. 20:00	Storset. Sangkveld? (Sjå nærare kunngjering.)
Ranes kyrkje kl.11:00	Gudsteneste. L.E.Grutle. Takkoffer til Redd Barna
Stangvik kyrkje kl.11:00	Gudsteneste. Venås. Utdeling 4- og 6-årsbøker. Takkoffer til Kvanne søndagsskule
Åsskard kyrkje kl.16:00	Tonekveld. Kor. Instrument. Allsong.
Tingvoll kyrkje kl 11:00	Sokneprest Cathrine Grutle. Takkeoffer til Norges Kristelige Student og Skoleungdomslag

**Tysdag 24. november**

Kyrkjelydshuset Skei kl.19:00 Temakveld om bønn v/Kari Holmås

**Lørdag 28. november**

Stangvik kyrkje kl.? Konsert: Bachs "Juleoratorium". (sjå nærare kunngjering)

**1. søndag i advent, 29. november**

Luk 4,16-22a

Rindal kirke kl. 11:00	Familiegudstjeneste. LysVåken. Takkoffer til Ung kirkesang
Hov kirke kl. 11:00	Storset. Takkoffer. Familiegudstjeneste.
Øksendal kyrkje kl. 20:00	Boye. Lysmesse.
Ålvundeid kyrkje. kl. 20:00	Laskerud. Lysmesse.
Øye kyrkje kl.11:00	Familiegudsteneste. L.E.Grutle. Takkoffer til trusopplæringsprosjektet

## Gudstenestereforma

Gudstenestereforma starta i 2003 da Ungdomens kyrkjemøte tok opp saka: «Kva slags gudsteneste vil vi ha?» Det utløyste ein omfattande reformprosess som skulle vera ferdig 15. september i år, men som er utsett eit år og pågår enno. Kyrkjemøtet skal ta stilling til forslaga i 2010.

Mange har kome med innvendingar, m.a. biskopar, som meiner reforma er alt for ambisiøs og omfattande og ikkje tilfredsstillande. Også dei unge som kasta fram forslag om fornying har vurdert det annleis etter meir erfaring og innleving i kyrkjens gudstenesteliv.

Preses biskop Olav Skjevesland meiner likevel at liturgireforma kan gjennomførast, men med stram redigering og fjerning av ein del unødige alternativ. Han meiner salmebokrevisjonen bør utsetjast.

Todalen kyrkje kl.16:00	Lysmesse. Utdeling 4- og 6-årsbøker og biblar. Venås. Takkoffer til Redd Barna	Straumsnes kyrkje kl 11:00	Familiegudstjeneste ved Cathrine Grutle.Lys Vaken. Takkeoffer Straumsnes barnespel.
Tingvoll kyrkje kl 11:00	Familiegudstjeneste ved Cathrine Grutle. Lys Vaken. Takkeoffer til Norsk Søndagsskoleforbundi Møre og Romsdal	Tingvoll kyrkje kl 16:00	Barnespelkoret deltar Prost Gerd Anne Aarset. Takkeoffer til kyrkjelydsarbeidet i Tingvoll
Øre kyrkje kl.11:00	Familiegudstjeneste, Søndagsskulens dag. Barnespelkoret. Dahle. Takkoffer til Nordmøre søndagsskolekrets. Kyrjekaffi.	Øre kyrkje kl.19:30	Lysmesse. Dahle. Konfirmantane deltek.
<b>2. søndag i advent, 6. desember</b>		<b>Lørdag 12. desember</b>	
<i>Luk 12,35-40</i>		Stangvik kyrkje kl.16:00	Julekonsert. Kollekt
Valsøyfjord kirke kl. 16:00	Lysmesse ved konfirmantane fra Halsa og Valsøyfjord sammen med sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Kirkens bymisjon i Trondheim.	<b>3. søndag i advent, 13. desember</b>	
Rindal kirke kl. 19:30:	Lysmesse. Takkoffer til NKSS	<i>Matt 11,11-19</i>	
Hov kirke. kl. 19:00	Laskerud og Boye. Lysmesse.	Halsa kirke kl. 16:00	Sanggudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til menighetsarbeidet.
Gjøra kapell. kl. 20:00	Storset. Takkoffer. Lysmesse.	Rindal eldresenter kl. 11:00	Gudstjeneste. Nattverd.
Gjemnes kirke kl.11:00	Gudstjeneste. Dahle. Takkoffer til IKO. Kirkekaffi.	Hov kirke kl. 11:00	Boye. Nattverd
Stangvik kyrkje kl.16:00	Lysmesse. Venås. Utdeling biblar. Takkoffer til konfirmantarbeidet i kyrkjelyden	Ålvundeid kyrkje. kl. 11:00	Laskerud. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Åsskard kyrkje kl. 19:30	Lysmesse. Venås. Utdeling biblar. Takkoffer til Kirkens bymisjon	Hov kirke kl ?	Julekonsert. (Se nærmere kunngjøring.)
Ranes kyrkje kl.19:30	Lysmesse. L.E.Grutle. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	Todalen kyrkje kl.15:00	Vi syng jula inn. Kollekt til kyrkjemusikalsk arbeid
		Ranes kyrkje kl.16:00	Vi syng jula inn. Kollekt til kyrkjemusikalsk arbeid
		Åsskard kyrkje kl.19:30	Vi syng jula inn. Kollekt til kyrkjemusikalsk arbeid
		Straumsnes kyrkje kl 16:00	Prost Gerd Anne Aarset. Takkeoffer

## DØYPTE — VIGDE — DØDE

## Døyppte

HALSA  
04.10 Mikkel Peder Vullum  
04.10 Simon Markus Vullum  
VALSØYFJORD  
12.09 Johanna Ødegård Fosshem  
RINDAL KIRKE  
23.08. Vebjørn Bergsnev Røen  
23.08. Linnea Svinsås  
13.09. Linus Landstad Røen  
(døyppt i Meldal kirke)  
GJEMNES  
30.08 Martine Pedersen Brakstad  
27.09 Anna Bruseth  
ROMFO  
27.09. Ella Tøfte Roze  
HOV  
06.09. Sondre Alexander Holten  
06.09. Andræas Bergslid  
20.09. Erik Grødal  
ØKSENDAL  
23.08. Ingrid Gjershaug  
ÅLVUNDEID  
20.09. Naomi Skarset  
STANGVIK  
06.09. Nina Røen  
06.09. Anna Haugan Nereng  
TODALEN  
13.09. Scott Ottie Talgø-Hjellegerde  
13.09. Oda Tørset Larsen  
ÅSSKARD  
27.09. Jørgen Aunøien Gravvold  
27.09. Petter Laukli  
ØYE  
06.09. Natalie Moen  
06.09. Henrik Bergheim  
RANES  
30.08. David Tjelle  
30.08. Ylva Bæverfjord  
30.08. Tina Johannessen Strand  
30.08. Signe-Lill Bævre Holten

MO  
20.09. Leah Bjørseth Svensli  
TINGVOLL  
23.08. Mira Tørrlenn  
23.08. Viola Tørrlenn  
23.08. Jonas Frøseth  
13.09. Helene Hårstad  
13.09. Mia Gammelsæter Bråttvik  
ØRE  
30.08. Willem Wollner Langset  
20.09. Sienna Lovella Grindvold  
Solomonsz

## Vigde

ØVRE RINDAL KAPELL  
15.08. Heidi Hagen og Ronny Eide  
RINDAL KIRKE  
29.08. Eli Solvik og Arne Henry Kjønso  
ROMFO  
29.08. Kristine Roaldsnes Ulvund og Knut Anders Hovstad  
05.09. Kirsti Terese Berg og Tom Henrik Larsen  
26.09. Hanne Hox og Sindre Haslene  
HOV  
20.09. Bente Persson og Lars Grødal  
ÅLVUNDEID  
26.09. Brit Nes og Marius Mellemsæter  
STANGVIK  
09.09. Live Røen og Jens Settemsdal  
ÅSSKARD  
29.08. Marit Skogen Sæterbø og Arne Henning Johnsen  
STRAUMSNES  
12.09. Ragnhild Romundstad og Jakob Nørbech

## Døde

RINDAL KIRKE  
25.08. Gunnar Hegvik f. 1930  
29.08. Astrid Svorkås f. 1932  
03.09. Gjertrud Halgunset f. 1915  
VALSØYFJORD  
04.09. Torbjørn Magnar Hendseth  
HALSA  
24.09. Sverre Marius Bye f. 1927  
29.09. Berit Snekvik f. 1911  
01.10. Lars Leonard  
Hønsvik f. 1933  
HOV  
16.08. Gudrun Hjeldnes f. 1923  
23.08. Ken Jostein Stavem f. 1974  
24.08. Gunnar Ole Tokle f. 1940  
28.08. Margit Dorte  
Fredriksen f. 1916  
06.09. Jørund Sivertsen f. 1923  
19.09. Sverre Bolstad f. 1928  
TODALEN  
23.08. Dagny Bruseth f. 1926  
ØYE  
26.08. Magnhild Johanne  
Glærum f. 1923  
27.08. Daniel Aarnes f. 1928  
31.08. Berta Kristine  
Haltbakk f. 1914  
17.09. Marit Karlstad f. 1917  
29.09. Ola Aarnes f. 1931  
RANES  
31.07. Mali O. Holten f. 1920  
01.09. Borghild Polden f. 1926  
06.09. Jon P. Nordvik f. 1924  
17.09. Hanna Sjøflot f. 1927  
30.09. Øystein Lysø f. 1929  
MO  
22.08. Daniel Aabel f. 1989  
08.09. John E. Fiske f. 1916  
18.09. Ola J. Dalsegg f. 1925  
ØRE  
11.09. Emma Indergård f. 1924

## ANDAKT

## Slekt og oppbyggels

Av konfirmantar kan ein få så mangt, - faktisk meir godt enn dårleg så lenge me langt på veg bruker dei same kodane for å få fram det me vil.

Eg hadde hatt ei økt om truvekjeninga. Nærare bestemt fyrste artikkelen, den om Gud Fader som skapte himmelen og jorda. Så var det å utfordre konfirman-tane til å tenkja over kva dette går ut på. Kva betyr det for oss at Gud er Fader, far, pappa, papsen, fattern??

Enkelt og greit, pent og oppbyggjeleg kom svaret: Det betyr at me er i familie, det.

Ja og amen seier då eg. Gud er Fader, han er far min, den næraste eg har og det enno fleire år etter at far min døydde. Gud Fader som skapte himmelen og jorda er min næraste familie, det er han som stiller opp for borna sine og vil oss det beste. Han begrenser seg ikkje til si eiga levetid, sidan den visstnok ikkje skal vera begrensa. Han begrenser seg ikkje i det heile teke når det går på dette med å vise at han set pris på, elsker, støtter, hjelper - og hjelpe oss!

Dertil fekk me bror vår, han einborne de veit, som sveitta blod og ofra liv nett for å vera kva han vil vera: Bror vår. Sidan

familielivet aldri blir det same utan ei kjering, vart det sytt for ei mor for oss òg. Det er kyrkja vår, det. Der me står i lag og vedkjenner oss trua vår og faktisk familien vår òg. Det var vel igrunn det minste me kunne svara, me som fyrst vart både elska, villa og vedkjent.

*Sokneprest Lene Gåsvatn*

## Dei nye sokneråda

## Gjemnes menighetsråd

Medlemmer:

1. Roger Mork
2. Bente Harstad
3. May Britt Aspås Hyllnes
4. Hallvard Gudmund Hyllnes
5. Eldbjørg Wenche Gimnæs
6. Rolf Stølan

Varamedlemmer:

1. Eli Oddrun Aspen Tømmerbakke
2. Kåre Jan Storvik
3. Lill Hege Bergsveen
4. Sonja Stølan
5. Arnt Ove Farstaddal

## Øre sokneråd

Medlemmer:

1. Arthur Gagnat
2. Birgit Orset
3. Siv Grøteide
4. Elin Eikemo
5. Oscar Hovde Berntsen
6. Arild Angvik
7. Agnes K Reiten
8. Einar Hals

Varamedlemmer:

1. Håkon Otterlei Hoem
2. Ann Magritt Harstad
3. Erling Johan Hoem
4. Berit Onarheim Indergård
5. Eli Birkelund Jacobsen

## Tingvoll sokneråd

Medlemmer:

1. Sylvia Grande
2. Britt Ingeborg Foseide Henriksen
3. Egil Sandvik
4. Guro Fjellengen Røttingsnes
5. Kari Lisbet Høgset Indergaard6.
6. Målfrid Bølset

Varamedlemmer:

1. Stein Fredrik Solli
2. Henry Olav Tangmo

3. Arne Hagen
4. Otto Kjell Seljebotn
5. Gunvor Jorunn Sandbakken

## Straumsnes sokneråd

Medlemmer:

1. Randi Tøvik
2. Heidi Synnøve Grimstad
3. Solrun Margrete Nastad Ruste
4. Jon Magne Eikrem
5. Britt Levine Grimstad Lundin
6. Linda Volden Aasen

Varamedlemmer:

1. Kristin Sættem
2. Tone Aarsund
3. Terje Ingebrigtsen
4. Geir Roger Nordheim
5. Wenche Sæther

## Halsa menighetsråd

Medlemmer:

1. Inger Karin Rodal Foseide
2. Lars Indreiten
3. Bjarne Settemsdal
4. Marit Barlaup Rodal
5. Bjørg Kristin Rødset Otnes
6. Eli Norunn Furnes Fjærli

Varamedlemmer:

1. Dan Harry Lervik
2. Arnfinn Kristian Melø
3. Bjørnar Magne Stokke
4. Ellbjørg Harriet Reiten
5. Kirsten Haltbakk

## Rindal sokneråd

Medlemmer:

1. Olav Børset
2. Elsa Oddrun Jensvold
3. Bjørn Inge Glåmen
4. Hallvard Helgetun
5. Mona Bævre Sande
6. Geir Allan Sæther
7. Randi Bildøe Haugland
8. Sigrid Johanne Høstøen Bråten

Varamedlemmer:

1. Ann Britt Heggem
2. Marit Lilleløyken
3. Ragnhild Heggset Myklegard
4. Nils Ingar Halgunset
5. Else Marie Sandø

## Presterekuttering

Teologistudentar tek til orde for å rekruttera fleire til presteyrket ved å gjera studiet mindre akademisk fokusert og med meir åndeleg vektlegging. Ein av studentane meiner det manglar visjonar til å tenkja stort om prestetenesta og det dei er kalla til. Ut frå dette blir det i løpet av oktober arrangert ein konferanse for prestestudentar med bidrag ved «kjen-disprestar» som Per Arne Dahl, Karsten Isachsen, Kari Veiteberg og Knut Grønvik.

## Kyrkjias preses

Det er vedteke at arbeidet i Bispemøtet skal styrkast ved ein tolvte biskop som skal inneha presesrollen. Trond Giske har gått sterkt inn for at denne stillinga skal leggast til Trondheim, men eit samrøysta kyrkjeråd gjekk inn for at Bispemøtets leiar skal ha kontor i Den norske kyrkjias sentraladministrasjon, i Kirkens Hus i Oslo. I spørsmålet om kyrkjias preses må vera ein av dei sitjande biskopane, var Kyrkjerådet delt på midten, og dette forslaget vart vedteke med formannens dobbelrøyst. Det skal ha endeleg vedtak på Kyrkjemøtet i haust. (VL)





# HALSA

Halsa - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38  
 Kirkekontoret 71 55 96 39  
 E-post kirkeverge:  
 kirkeverge@halsa.kommune.no  
 Bildet: Halsa kirke

## ALLE HJERTELIG VELKOMMEN!

Og de to skal være ett! Ikke et brudepar denne gangen, men Halsa sokn og Valsøyfjord sokn. Jeg vil gratulere det nye storsoknet! Her ligger det mange og gode muligheter, ikke minst ved at det er ett menighetsråd som skal ta alle avgjørelsene om konfirmantarbeid, gudstjenestelister, kirkeoffer osv. Jeg veit at det blir lettere å være prest, men jeg er og sikker på at det blir bedre å være menighet.

Det kan bli litt uvant i starten. Vi må løfte blikket og se et sokn som favner hele kommunen, og ikke bare den halvdelen som hver enkelt har forholdt seg til før. Da går det og an å få øye på ei kirke til. Nå blir det plutselig et sokn med to kirker. Det skulle være rart om folk ikke kommer til å kjenne seg mest knytta til si kirke også i fortsettelsen, men det kan være mye å hente på å se innom den andre og en gang i blant. Soknet får jo ikke bare to kirker. Det får og dobbelt så mange gudstjenester!

Nå har kirkedøra alltid stått åpen for folk fra andre sokn, og noen har for lengst lagt seg til vanen med å krysse gamle grenser, men kanskje blir sammenslåinga en inspirasjon til å besøke også den andre kirka. Jeg håper det. Alle er hjertelig velkommen!

*Erik Blomstrøm*



Halsa kirke. Foto ERE



Valsøyfjord kirke. Foto Lars O. Lillebø

## Tro og vantro

Har du angst for svineinfluensaen? Jeg har angst og kjøpte derfor mye C-vitamin på apoteket. Det står mye på Internett om C-vitamin. At det blant annet skal hjelpe mot sykdom. Nobelprisvinneren Linus Pauling spiste daglig store mengder C-vitamin hele livet sitt. Men egentlig vet jeg ikke om C-vitamin hjelper så mye, jeg er jo ingen bioingeniør eller lege. Men jeg tror det, tror at C-vitamin hjelper mot svineinfluensa.

Slik er det vel med all medisin - pasientene tror at medisiner hjelper. Blir vi etterpå friske vet vi at denne typen medisin hjelper. Vi har bevis.

Hvordan er det med troen på en levende Gud? Har vi nok bevis for at det fins en levende Gud? Eller er Gud som dårlig medisin som ikke virker? Gud snakker ikke og jeg har heller ikke opplevd Jesus som menneske, bare hørt om Ham. Men, det er noe vi ser fra Guds kraft i verden. Ikke bare de store fjellene, at gresset vokser hvert år

eller et barn blir født. Det var noe annet jeg tenkte på da jeg gikk inn i Valsøyfjord kirke. Går man i ei kirke for å høre Guds ord om et liv etter døden, så må man først gå gjennom kirkegården. Det er spesielt, de gamle kristne har gravlagt alle sine døde rundt kirkene. Det er slik i mange land - også i Norge. Hvorfor? Jeg tror de vil si oss i dag at man kan ikke skille døden fra evig liv. Døden skal vise mennesker å finne veien til det evige livs håp. Gud snakker til oss gjennom dødens kraft. Da kan alle mennesker se hvor mektig Gud er.

I salme 90 står det:

*Hvem kjenner styrken i din vrede, hvem frykter deg så han fatter din harme?*

*Lær oss å telle våre dager, så vi kan få visdom i hjertet!*

Den som skrev dette ned for mange tusen år siden, må ha tenkt over dødens mening. Og det angår hvert enkelt menneske, deg og meg. Selv om vi trenger en familie og venner rundt oss. Selv om mange mennesker er så opptatt av suksess, å tjene mye penger og ha et behaglig liv. Dette er jo ikke noe

## Halsa menighetsråd 2009 - 2011

Ved kirkevalget 2009 ble det valgt nytt menighetsråd for Halsa og Valsøyfjord menigheter. Samtidig ble det også holdt valg til bispedømmeråd/ Kirkemøtet.

Menighetsrådet står framfor to spennende år, med større mulighet enn noen gang til å påvirke det som skjer i menigheten. Fra 2010 vil Halsa og Valsøyfjord formelt bli slått sammen til ett sokn. Rent praktisk fører dette til at det er blitt ett, istedenfor tre råd.

Det vil si at Halsa menighetsråd ivaretar både menighetsråds- og fellestrådsfunksjoner.

Konstituerende møte i det nyvalgte menighetsrådet blir avholdt innen utgangen av oktober.

I en undersøkelse like i forkant av valget oppga hele 98 prosent å kjenne til kirkevalget. Det er inspirerende å merke kirkemedlemmenes "svar" på en synligere kirke som inviterer til deltakelse. Svært mange som denne gang har stemt ved kirkevalget, har stemt for første gang.

*Kirkevergen*

negativt. Men sannheten er at alle mennesker må selv finne svar på livets mening og dødens mening. Finner man svar på dødens mening så finner man også svar på livets mening. Akkurat som å gå i kirken - veien fører over kirkegården med de mange døde til det evige livs budskap i Guds hus.

*S. Krauss*



# SURNADAL

Øye - Mo - Raner

Kyrjekontoret 71 65 70 60  
 Telefaks 71 65 70 61  
 Sokneprest Stangvik 71 66 33 30  
 E-post kyrkjeverje: ingeborg.nordlund  
 @surnadal.kommune.no  
 Biletet: Raner kyrkje - Stangvik kyrkje



## Har du lyst på nye utfordringar???

I kyrkjelydane våre er det mange engasjerte menneske! Vi har alle noko å dele med kvarandre! No, ved starten av eit nytt semester, ser vi at mange tek opp at engasjementet sitt, nokre treng ein pause, andre vil gjere noko nytt/anna.

Kva med deg?? Brenn du inne med tid og krefter og har lyst til å vere med å byggje kyrkjelyd, gjere noko for dine medmenneske og fylle tida di med noko meiningsfullt? Her er mykje å velje! Til dømes:

Praktisk arbeid på kjøkenet – stelle til lunsj/kveldsmat til baby- og småbarnsong og evt. andre samlingar, steike vaflar til konfirmantane

Vere ein besøkjar i besøkstenesta

Ta del i ettermiddagstreff for eldre på

sjukeheimen eller på omsorgsbustadene.

Arbeid med born og unge (søndagsskule, baby-/småbarnsong, kor, klubb, konfirmantar m.m.)

Stelle til kyrjekaffe, vere kyrkjevert Anna???

Ta kontakt med kyrkjelyden din eller diakon Gry så snart som mulig om svaret er ja, - eller om du har noko anna du vil seie oss :o) **Tlf: 71 65 70 60 / 71 65 70 64**



Oddmund, Karen Oddny og Sigfred. Foto ERE

## Dei nye sokneråda

### Øye og Raner sokneråd

Medlemmer:

1. Signe Lill Aasland
2. Dordi Kjersti Mogstad,
3. Sigfred Gravvold
4. Liv Marit Berset
5. Erik Mogstad
6. Helga Anne Bøvra
7. Erlend Snøfugl
8. Karstein Louis Svendsli

Varamedlemmer:

1. Liv Marit Polden
2. May Iren Hoem
3. Øyvind Svinvik
4. Lars Hammes
5. Laila Helene Langerud

### Mo sokneråd

Medlemmer:

1. Inger Bodil Eidsli
2. Antonie Moen
3. Mary Moen
4. Torunn Moen

Varamedlemmer:

1. Gunnhild Aukan Meisingset
2. Egil Sæter
3. Otto Dalsegg
4. Heidi Kristine Fugelsøy
5. Erik Meisingset

### Stangvik sokneråd

Medlemmer:

1. Ola Røe
2. Sverre Kjølstad
3. Martinus Ranheim

4. Eirik Gjeldnes
5. Hildegunn Kvendset Andersen
6. Anne Grete Kvendset

Varamedlemmer:

1. Anders Holden
2. Bjarne Røen
3. Marion Otterlei
4. Odd Magne Haugen
5. Møyfrid Torvik Aasen

### Todalen sokneråd

Medlemmer:

1. Ildrid Sjøland Øyen
2. Borghild Betten Talgø
3. Signe Marie Grønmyr
4. Terje Nordvik

Varamedlemmer:

1. Wenche Kvendset
2. Einar Talgø
3. Kristine Ulvund
4. Kristian Talgø
5. Einar Husby

### Åsskard sokneråd

Medlemmer:

1. Bernt Idar Bøe
2. Grete Snekvik Settemsdal
3. Jan Magne Holten
4. Turid Sættem

Varamedlemmer:

1. Jane Svendsli
2. Alf Bjarte Aasgård
3. Knut Sæterbø
4. Randi Bæverfjord
5. Katrine Lund Paulsen

## Salmekveld i Todalen kyrkje

Det var godt framme frå mange kantar da Todalen sokneråd og Todalen songkor inviterte til tonekveld med allsong, korsong og song og musikk av trioen Karen Oddny, Sigfred og Oddmund på trekkspel, der Sverre Hatle gav ei interessant orientering om det nye salmebokforslaget som han og Bernt Bøe har vore med og vurdert gjennom ein komite i Møre mållag. «Kva er ein god salme?» spurde Sverre og tok fram både gammelt og nytt. Det er stort spenn i salmar og kristne songar, som vi også fekk mange eksempel på denne kvelden frå gamle vekkelsessongar og tradisjonelle salmar, irske folkemelodiar, spirituels, Dass, Grundtvig, Prøysen og Hoem, til ein tangomelodi frå Sør-Amerika. Kva får plass i den nye salmeboka, og kva må vika, dersom det blir ei ny bok?



Todalen songkor Foto ERE

# STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



# RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55  
Telefaks 71 66 47 01  
E-post kirkeverge:  
ingeborg.nordlund  
@rindal.kommune.no  
Bildet: Rindal kirke

## 50- årskonfirmanter i Stangvik

De som ble konfirmert i Stangvik kirke i 1959 var invitert til gudstjeneste, middag og kaffe søndag 6. september. Av 27 inviterte var det 20 personer som hadde anledning til å møte. Etter gudstjenesten ble det servert middag i prestegården, og de aller fleste benyttet anledningen til en tur i kirken på nytt for å få med seg den flotte konserten til Sunnivakoret som gikk samme dag.

Etter konserten var det klart for kaffe og hyggelig samvær. Alle konfirmanter fikk ordet for å fortelle om seg selv og sine opplevelser gjennom livet. Det ble en minnerik ettermiddag i det flotte høstværret, før sokneprest Bernt Venås kunne ønske alle vel hjem.  
*Sverre Kjølstad*



### Konfirmantjubiläum

Første søndag i oktober var dei fleste av dei som vart konfirmerte 5. juli 1959 samla til jubileum i Rindal. Etter å ha delteke i gudstenesta i Rindal kirke, der det også var innskriving av årets konfirmantar, var dei

Av bildet ser vi fra venstre:

Leif Inge Smisethjell, Gunnar Ansnes, Jan Kåre Johnsen, Olmod Nordvik, Anders Nordvik, Inger Øverby, Aud Gjeldnes, Margit Solvåg, Inger Bøe, Kristoffer Nordvik, Gerd Mulvik, Marie Valset, Lars P. Hamnes, Magnhild Ellevset Kjølstad, Gjertrud Rønninghaug, Torbjørn Brøske, Torbjørg Svendsli, John Arve Nes, Aslaug Andersen og Endre Seljebø.  
Foto Sverre Kjølstad



samla til perrasup og kaffe på Rindal bedehus. Det er lett å skjønna at praten gjekk lett og tida fort. Slike jubileum er det mange stader, og vi anbefaler dei menighetene som ikkje har innført denne tradisjonen å ta det opp til vurdering. Det trengs i alle fall ikkje mykje program!

*OleT – jubilant*

### Gammel og ny

Soknerådet i Todalen slo på stortromma da dei inviterte 50-årskonfirmanter og nye konfirmanter til konfirmantfest ein laurdagskveld i oktober med mykje program, sildball og kaffe og kaker, og til gudstenesta og hausttakkefest søndag med påfølgjande kyrkjekaffe. Det var også to små born som vart døypte.

Presten kunne fortelja at det blir fleire konfirmanter i Todalen i 2010, med 8, enn det var for femti år sidan, i 1959 med 7.



50-års konfirmanter i Rindal. Foto KF



50-års konfirmanter og neste års konfirmanter i Todalen. ERE

# Presteparet i Tingvoll

Presteparet Grutle har buset seg i Tingvoll med sine tre born, Endre Tobias 13 år, Ruth Maria 10 år og Noah Kristoffer 6 år.

Sokneprest Cathrine Grutle er frå Rygge og kjem frå barne- og ungdomspreststilling i Hauketo-Prinsdal menighet i Oslo. Ho er eit urbant menneske som set pris på nokre turar til Oslo på fagrådsmøter for kateketikk i Presteforeninga, der ho er engasjert i heilhetleg tenkning om undervisning i kyrkja, m.a. kurs saman med Menighetsfakultetet om leirarbeid som metode i konfirman/ungdomsfasen.

Prostiprest Leif Endre Grutle kjem frå stilling som rådgjevar i Presteforeninga med ansvar for helse- og sosialsituasjonar. Opprinneleg frå Åsane i Bergen. Han skal stå til prestens disposisjon der det er bruk for ekstra ressursar, ved kortare vikariat, sjukdom, feriar og der arbeidet toppar seg. I haust er han satt inn som vikar i Surnadal.

«Mitt arbeid blir til etter kvart,» seier han, «det gir variasjon i møte med ulike menigheter, men gir ikkje i same grad høve til å byggja opp ei menighet på sikt, slik som for Cathrine. Men eg ynskjer å leggja vekt på kva eg kan gjera for enkeltmenneske, og at overskrifta over tenesta mi må vera fokus på å møta den enkelte. Gjennom ansvar for helse- og sosiale situasjonar har eg lært mykje om å møta menneske og hjelpa dei til å finna sin plass. Eg har samtalt med mange fortvilte prestar. Eg ynskjer også å vera ein vegleiar for andre til å få del i trua som heile livet har betydning for meg.»

Cathrine legg vekt på som

sokneprest å møta folk på ein ordentleg måte, vera tydeleg i det ho gjer.

«Eg ynskjer å måla Kristus for augo på folk, på ein raus og redeleg måte, ikkje påtrengjande. Kyrkja og Jesus er relevant i alles liv. Jesus betyr det meste for meg. Han er bakgrunnen for at eg vil ha denne jobben og fortelja folk at det er godt å vera kristen.»

Ho ynskjer at folk skal møta henne både som Cathrine og prest, ikkje berre i Tingvoll, der ho bur, men at ho og kan vera tydeleg til stades i Straumsnes.

Cathrine er mest oppteken av barne- og ungdomsarbeid, noko ho har stor erfaring frå. Ho seier ho er god til å snakka med tenåringar.

«Vi må fortsetja med å orientera oss i det kyrkjelege landskapet,» seier dei baa, «og å prioritere. Vi yngre er meir bevisste på å prioritere. Vi kan ikkje delta i alt vi kunne ha lyst til, vi må velje bort ein del interesser av omsyn til borna, det er ei utfordring å balansere jobb og familieliv, så ikkje borna føler det går på bekostning av dei.»

Som prestepar har dei kanskje litt andre utfordringar enn andre foreldre med uregelmessig arbeid, t.d. at borna må sitja åleine på gudstenestene, eller når den eine har beredskapsveke, så legg det band på kva den andre kan planleggja. Men elles er det også fordelar ved fleksibel arbeidstid.

Og dei tykkjer begge det er «morsomt» å ha same jobb.

«Vi veit kva jobben er, så vi forstår kvarandre og det er spennande å læra av kvarandre.

Vi har eit veldig godt samar-



beid, men bør vel ikkje vera i same vegleiingsgruppe. Vi kan samtale om preika, utan at vi kopierer kvarandre. Men vi må også ha respekt for den andres stilling, så vi er bevisste på kva vi deler, t.d. der vi har taushetsplikt. Vi må la noko bli liggjande att på kontoret.»

Presteparet har opplevd at det er lett å bli kjent med folk her på Møre, og lett å be om hjelp.

Og no har prostiet fleire barnefamiliar i prestekollegiet.

*Einy Rendal Elgsæther*

## Kyrkjeblad for Indre Nordmøre Utgjevar: SOKNERÅDA PÅ INDRE NORDMØRE

REDAKTØR:

Einy Rendal Elgsæther  
6645 Todalen  
☎ 71 66 02 81

E-post: einyre@gmail.com

REDAKSJONSSEKRETÆR:

Ole Trygve Foseide  
☎ 976 82 829

E-post: kyrkjeblad@gmail.com

BLADPENGAR:

Frivillig kontingent  
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre  
Kontor Service A/S  
Postboks 72  
6630 Tingvoll  
Bankgironr.: 4050 40 46232

SATS/REPRO/EKSP:

Vullum Design as  
☎ 71 66 50 80

E-post: post@vullumdesign.no  
6657 Rindal

TRYKK:

Wennbergs Trykkeri AS  
☎ 72 88 98 00  
7075 Tiller

- «Hvem er Jesus for deg?»
- «Han er den som har frelst meg fra min synd, og også den som har møtt meg aller dyppest som menneske.»  
Olav Fykse Tveit, generalsekretær i Mellomkirkelig råd for Den norske kirke og nyvalgt generalsekretær i Kirkenes Verdensråd i intervju med «Korsets seier».
- «Kan du peke på et vendepunkt i ditt liv?»
- «Jeg hører med til de sjeldne mennesker som har vært troende fra dåpen av. For meg var vendepunktet 17. oktober 1937. Dåpen i Vennesla kirke. Da skjedde det store at mitt navn ble nevnt sammen med den treenige helligdom. Jeg er døpt på Herrens befaling. Kan tre håndfuller vann gjøre deg til Guds barn? Ja, hvis du tror det. På dette nullpunktet skjer det.»  
Børre Knudsen, pensjonert prest til Aftenposten